



Bergen Kulturforum
Sverresgt 1
5010 Bergen

Dato: 05.05.2015
Vår ref.: 2014/20425-276
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Søknad om stønad til ålmenne kulturformål - Bymann og stril

Innleiing

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ålmenne kulturføremål våren 2015.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har i møte 16.04.15, politisk sak 49/15 vedteke å tildele dykk 8 000 kr i tilskot.

Grunngjeving

Ved søknadsfristen 1. mars var det kome inn 115 søknader. Samla søkesum var omlag 3,5 millionar kroner. Det er totalt 1 030 000 kr til fordeling under Ålmenne kulturføremål i 2015, og det var 633 000 kr til fordeling for våren. Retningsliner vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 22.01.2015, sak 13.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med svært avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt, og ein har diverre i hovudsak løyvd summar som ligg betydeleg lågare enn søknadssum. Mange gode søknader har også fått avslag. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

For oversikt sjå [vedtak](#) og [vedlegg](#).

Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap i samsvar med nedenfor nevnte punkt og medverke til eventuell kontroll.
- Det er ein føresetnad når det gjeld publikumsretta tiltak at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.

Utbetaling

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak, vert utbetaling som tidlegare.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/20425

Ressursnummer: 400016

Beløp: 8 000 kr

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering/rekneskap

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i planane for tiltaket. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Sluttrapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, seinast 6 månader frå tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2015/4324.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna.

Tilskottsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny B. Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Tone S Haugland
seniorrådgjevar

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.